
Saknr: 2020/44331-3
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth
Ingebjørg Erikstad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Koronautbrotet – omfang, konsekvensar og tiltak på kultur, idrett og inkludering i Vestland pr juni 2020.

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane for dei regionale aktørane. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.
2. Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande ordningar for driftsstøtte og prosjektilskot og vurderer søknadene i høve den til ei kvar tid aktuelle situasjonen.
3. Vestland fylkeskommune legg til grunn at mottakarar av driftsstøtte opprettheld aktivitet etter verksemda sitt føremål innanfor dei rammer som helsestyresmaktene gjer gjeldande.
4. Ved handsaming av prosjektilskot skal ein prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, og tiltak som kan setjast raskt i verk når utbrotet er over.
5. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.
6. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur, idrett og friluftsliv. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.
7. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane på kultur-, idrett og inkluderingsfeltet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltinga av desse.

Samandrag

Korona-pandemien har hatt vidtrekkande konsekvensar for aktiviteten innanfor offentleg sektor, næringslivet og Vestlandet sitt sivilsamfunn. Som følge av nedstenginga stoppa dei fleste aktivitetar innanfor kultur, idrett og frivilligheit opp. I saksframlegget med vedlegg orienterer fylkesrådmannen om situasjonen i Vestland, slik administrasjonen kjenner konsekvensane av pandemien, og gjer greie for ordningar og tiltak som er sett i verk, av stat, fylkeskommune og andre. Med bakgrunn i administrasjonen sine vurderingar, og behov meldt inn av aktørane, gjer fylkesrådmannen framlegg om vidare tiltak.

Med grunnlag i undersøkingar, kunnskapsinnhenting og møte med aktørane har fylkesrådmannen god kunnskap om langsiktige verknader og behov innanfor frivillig sektor, kultur og idrett. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen opprettheld og styrkjer ordinære ordningar for drifts- og prosjektstøtte og vurderer økonomisk støtte til dei regionale aktørane; for ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar, og for å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur, idrett og friluftsliv.

Fylkesrådmannen legg til grunn at staten bør løyve ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane i Vestland og at fylkeskommunen får ansvar for forvaltninga av desse.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedtak i fylkesutvalet 26.03.20 sak 43/2020
- 2 Kunnskap om koronasituasjonen og tiltak sett i verk nasjonalt p.r. 1. mai 2020
- 3 Status frå fylkeskommunen sine fagområde pr 30.04.20
- 4 Behov meldt inn frå regionale aktørar og interesseorganisasjonar
- 5 Undersøking - konsekvensar for kulturverksemdar i Vestland
- 6 Undersøking KS, Kovid-19 - utfordringar og tiltak for kommunal kultursektor

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

Som følgje av Korona-pandemien har nasjonale og lokale helsestyresmakter lagt dei største avgrensingane på samfunnslivet som er kjent i fredstid. Dette har vidtrekkande konsekvensar for kunst og kultur, idrett og frivillig sektor i heile Vestland. Tiltaka som er sett i verk grunna pandemien har også konsekvensar for integreringsfeltet, men er ikkje del av det arbeidet som er gjort her.

I framlegget orienterer fylkesrådmannen om situasjonen i Vestland, slik administrasjonen kjenner konsekvensane av pandemien, og gjer greie for ordningar og tiltak som er sett i verk. Med bakgrunn i administrasjonen sine vurderingar, og behov meldt inn av aktørane, gjer fylkesrådmannen framlegg om aktuelle fylkeskommunale tiltak og vidare arbeid.

2. Omfang og konsekvensar:

12.03.20:	Helsedirektoratet vedtar møteforbod og stenging av verksemder med heimel i lov om vern mot smittsame sjukdomar § 4-1. Forbodet inneber stenging av kulturarrangement, idrettsarrangement og organisert idrettsaktivitet både innandørs og utandørs. Generelt forbod som gjeld alle forsamlingar gjaldt til og med 26.03.20, og er forlenga til 13.04.20 og 15.05.20.
25.04.20:	Forsamlingsforbodet forlenga til 01.09.20. for arrangement over 500 deltakarar.
30.04.20:	Innført nye reglar for forsamlingar, der avstandskravet mellom personar er sett til 1 meter. Frå 7. mai opna for mindre arrangement på offentlig stad med inntil 50 deltakarar. Arrangementet skal ha ansvarleg arrangør som skal ha oversikt og kontroll på dei som er til stades. Avhengig av kontroll med smittespreiinga gjeve signal om at ein frå 15.06. kan opne for arrangement med under 200 deltakarar. Arrangement mellom 200 - 500 personar er framleis uavklart, og det er heller ikkje sett ein tidsplan for dette. Å møtast privat er framleis omfatta av det generelle rådet å ikkje møtast meir enn 5 personar.
07.05.20:	Varsla avklaring om situasjonen vidare.

2.1 Situasjonen i Vestland :

Kultur- og idrettsaktivitet inneber møte mellom folk. Som følgje av forbod mot slike møte, vedteke av helsestyremaktene, opplevde desse sektorane heil eller delvis stenging frå midten av mars 2020 og inntil vidare. Ein konsekvens er at tilbodet for innbyggjarane på desse områda er vekke eller sterkt redusert. Meir alvorleg er dei direkte følgjene for aktørane, om det er profesjonelle kulturaktørar eller frivillige lag og organisasjonar.

Der *aktiviteten* og publikum forsvinn vert også *økonomien* hos aktørane råka. Organisasjonen Norske konsertarrangørar har rekna at deira medlemmer på landsbasis har eit tap på kr 430 mill. i mars-april. Om situasjonen fortsett vil tapet i mai - september utgjere kr 2,8 mrd. Hovudorganisasjonen Virke anslår eit tap for sine kulturverksemder på omlag kr 1 mrd. i april/mai. Norges idrettsforbund rapporterer også om vesentlege økonomiske tap. Ein stor del av desse vil vere tap hos aktørar i Vestland fylke, om det er idrettslag, museum, festivalarrangørar, kunstinstitusjonar, lag eller organisasjonar eller enkeltpersonar sine føretak. Fylkesrådmannen viser til vedlegg 4 for nærare orientering om behov som er spela inn.

Ein stor del av planlagde kultur- og idrettsarrangement sommaren 2020 er avlyste eller utsette. EkstremSPORTveko på Voss er avlyst, NM i friidrett er planlagt gjennomført i september 2020 og VM i elvekajakk er utsett til 2021. Turlaga sine organiserte tilbod, inkludert overnatting på hyttene, er

råka. Musikkfestivalane kan illustrere situasjonen for kulturlivet: Følgjande store arrangement med driftsstøtte frå fylkeskommunen vert ikkje gjennomførte: Bergenfest, Festspillene i Bergen, Førdefestivalen, Hardanger musikkfest, Hardingtonar, Malakoff, Nattjazz, Norsk Countrytreff, m.v. Teatera og orkestra spelar ikkje for publikum, og Kinnaspelet og Mostraspelet er avlyste. I tillegg kjem alle små og store lokale kultur- og idrettsiltak som heller ikkje vert gjennomført dette året. Dette skapar krevjande utfordringar for einskildaktørar og heile bransjar og med konsekvensar for den kulturelle infrastrukturen langt fram i tid.

Dei økonomiske konsekvensane er samansette. Der til dømes ein festivalarrangør må avlyse grunna offentlege vedtak med heimel i smittevernlova, vil ein kunne nytte force majeure-klausulen som løyser ein eller begge partar frå ansvar for mislighald når ei ekstraordinær hending eller omstende utanfor partane sin kontroll hindrar gjennomføringa av plikter i kontrakten. Dette kan bøte på tapet av inntekter. For dei utan slike rettar vil avlysing kunne ha økonomiske konsekvensar som trugar heile verksemda. Dette vil t.d. vere eit aktuelt scenario for eit enkeltmannsføretak i kunstlivet eller eit lag som misser inntekter frå mindre arrangement eller dugnad.

Pr. mai 2020 har pandemien sitt omfang dempa seg noko i Noreg. Samfunnslivet er i ferd med å opnast, men det er usikkert når kultur- og idrettsfeltet kan ta opp att aktiviteten i større breidd. På ei rekkje fagfelt er det utarbeidd nasjonale rettleiarar. T.d. kan kor, korps, band og orkester samlast etter nærare reglar i ein smittevernrettleiar lagt fram av Norsk musikkråd og godkjend av Helsedirektoratet 22.04.20. Kulturskulane i kommunane har fått eigne smittevernrettleiar i samband med oppstart av barnehage og grunnskule og det vert førebudd tilsvarande for biblioteka. Også innan idretten er nokre av restriksjonane letta. Ein må likevel bu seg på at det kan kome tilbakeslag og strengare restriksjonar dersom smittespreiinga aukar opp att. Slik det ser ut vil pandemien ha konsekvensar for det samla kultur- og idrettsfeltet langt framover i tid, også i dei komande åra.

2.2. Konsekvensar for fylkeskommunen sin oppgåve- og tenesteproduksjon

Fylkeskommunen si ordinære verksemd fungerer i hovudtrekk som før, men med redusert funksjonalitet når det gjeld kontakt med aktørar utanfor eigen organisasjon, jf. vedlegg 3, *Status frå fylkeskommunen sine fagområde pr 30.04.20*. Ingen er permitterte og mykje arbeid går tilnærma normalt. For deler av eigen tenesteproduksjon ser ein negative konsekvensar, mellom anna ved at aktivitetar ikkje kan gjennomførast og at budsjetterte inntekter forsvinn. Dette gjeld planlagde produksjonar i Den kulturelle skulesekken (DKS) og festivalarrangementa Ung kultur møtast (UKM), redusert kapasitet på arkeologiske registreringar, og svekka løysing av dei fakturerbare oppdraga som fylkeskommunen gjer innanfor kommunearkivordninga.

Fylkesrådmannen ser også positive ringverknader av situasjonen. Heimekontor fungerer høveleg bra via digital samhandling. Den digitale kompetansen i organisasjonen er styrkja, og gjer at utviklinga av organisasjonen sitt fellesskap på tvers av tre tenestestader går bra.

Fylkesrådmannen kjem attende til handtering av ekstra kostnader som følgje av pandemien i den ordinære prosessen fram mot budsjett 2021.

3. Tiltak

3.1 Aktivitet og økonomi: Tiltak hos stat, fylkeskommunar, kommunar og sivilsamfunn

Det er eit breitt aktørfellesskap som sidan mars har tatt del i «dugnaden» på kultur- og idrettsfeltet. Handtering av redusert *aktivitet* og sviktande *økonomi* har vore hovudutfordringa for dei fleste oppfølgingstiltak, enten det er i regi av staten, fylkeskommunar og kommunar, næringsliv og sivilsamfunn, eller aktørane sjølve.

Rammene for aktivitet har i stor grad vore regulert av dei vedtaka som er gjort at statlege eller lokale helsestyresmakter. Ein ser at alternativ aktivitet hos aktørane, t.d. på digitale arenaer, har vore nytta av mange. I frivillig sektor og i idretten er også nye samværs- og aktivitetsformer utvikla. Fylkesrådmannen legg til grunn at aktivitet treng stimulering og at relevante verkemiddel vil bli meir aktuelt etter kvart som helsestyremaktene reduserer på dei avgrensingane som gjeld pt.

Ekstraordinære tiltak for å bøte på dei økonomiske utfordringane har særleg dreidd seg om å kompensere sviktande inntekter og høge faste kostnader, t.d. løn. Staten har vore sentral i å etablere kompensasjonsordningar for bortfall av inntekt. Nye kompensasjonsordningar for perioden mars-april vart vedteke av Stortinget og forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet og Norsk

kulturråd. Permitteringsreglementet er letta på, og har vist seg viktig for fleire av dei profesjonelle kulturinstitusjonane i Vestland (teater og museum).

Mange av dei profesjonelle kulturinstitusjonane (museum, teater, orkester) har i tråd med statlege føringar arbeidd for å ha fleire bein å stå på gjennom å auke eigeninntektene (private midlar, billett-, leige- og salsinntekter). Dei vert no særleg hardt råka. Det er ei forventning frå desse institusjonane at dei vert kompenserte for bortfall av inntekter. Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen må jobbe opp mot staten for å få på plass ei kompensasjonsordning. Ein kan i tillegg sjå på korleis ein kan innrette ei ordning med kulturelle utviklingsmidlar (KUP-midlar), eventuelt i kombinasjon med tilskotsordninga Museumsløft. Ei kan vurdere å løyve ekstraordinær driftsstøtte til institusjonar med eigeninntening over 20 - 30% og eit dokumentert bortfall av driftsinntekter i høve rekneskap frå 2019, vedteke budsjett for 2020 og samanhaltdt med innsparte lønskostnader ved evt. permittering. Ein kan også vurdere å ikkje krevje husleige for utleige av fylkeskommunal eigedom.

Det har vorte retta kritikk mot innretninga av dei statlege ordningane. Signala frå aktørane, både dei profesjonelle og frivillige kultur- og idrettsaktørane, peiker på at staten ikkje har treft godt nok i høve dei reelle utfordringane som aktørane opplever. Etter det fylkesrådmannen kjenner til, arbeider Kulturdepartementet vidare med tilpassing av tiltakspakkar framover.

Etter fylkesrådmannen sitt syn, bør det arbeidast fram eit tydelegare og betre samspel mellom staten og fylkeskommunar og kommunar. Statlege styremakter må ta hovudansvaret for å avbøte konsekvensane av pandemien på kultur- og idrettsfeltet, særleg dei som krev store økonomiske ressursar. Staten har mynde og ansvar for vedtak gjort etter smittevernlovgivinga og har i tillegg vesentlege økonomiske verkemidlar til rådvelde. Regionale og lokale styremakter vil ha større nærleik til sektorane og betre kjennskap til aktuelle utfordringar enn det som statsetatane har. Fylkesrådmannen meiner difor at fylkeskommunane bør inkluderast i vidare drøftingar med staten og få ansvar for å forvalte ekstraordinære statlege ordningar i tida frametter. Her bør KS ta ei koordinerande rolle i sine konsultasjonar med statsetatane på vegner av fylkeskommunane.

Ein ser også gode døme på fylkeskommunar og kommunar og private som har etablert eigne tiltak og ordningar. Som vedlegg til saka følgjer eit oversyn over tiltak i stat, fylkeskommunar (Møre og Romsdal) og kommunar (Bergen, Sunnfjord), og andre aktørar.

3.2 Vestland fylkeskommune sitt ansvar

Arbeid med kultur, idrett og inkluderingssaker er ein sentral del av den fylkeskommunale verksemda. Langs hovudlinjene i den vedtekte politikken ligg det eit tydeleg politisk ansvar for å sikre aktørane på desse felta gode vilkår, også i høve dei utfordringane ein står framfor under pandemien.


I FU-saka *Fylkeskommunale tilskot til idretts-, kunst og kulturlivet i Vestland - konsekvensar av koronautbrot* 26.03.20, jf. PS 43/2020, ligg dette synet til grunn. I saka gjorde fylkesutvalet samrøystes vedtak om å legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane av koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg for kultur- og idrettsfeltet, m.a.:

- Oppretthalde driftsmidlar løyvd gjennom budsjettvedtak for 2020 til kultur og idrettslivet sjølv om aktiviteten i organisasjonen vert endra og avgrensa
- Ikkje krevje attende allereie løyvde midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til 1. september, sjølv om arrangementet vert endra eller avlyst
- gi løyve til å utsette prosjekt, tiltak og arrangement som allereie har motteke tilsegn om tilskot.
- betale ut honorar til utøvarar som har kontrakt for oppdrag som vert avlyste i Den kulturelle skulesekken (DKS)
- inngåtte avtalar med kommunar og kulturaktørar om UKM-festivalane vert honorert etter nærare dialog.

Med grunnlag i fylkesutvalet sitt vedtak bidreg Vestland fylkeskommune til at dei økonomiske verknadane vert så små som mogleg for kultur og idrettslivet gjennom å oppretthalde tilskot til drift og allereie løyvde midlar til prosjekt og tiltak. Vilkår til tiltaka, desse kan ein finne i vedtak i FU-sak 43/20, jf. vedlegg 1. I saka er det også varsla at ein skal kome attende til Hovudutval for kultur, idrett og integrering med sak om tilskot til prosjekt og tiltak når ein har meir oversikt, både over nasjonale føringar og over søknadsmassen og behovet for midlar. Det gjer fylkesrådmannen i denne saka.

3.3 Behov hos aktørane

I april (veke 14) undersøkte Vestland fylkeskommune konsekvensane av iverksette koronatiltak for kulturverksemdar som tek i mot fylkeskommunal driftsstøtte. Undersøkinga gjeld perioden 12.03. - 30.04.20. Ei orientering om undersøkinga ligg i vedlegg 5 i saka. 121 organisasjonar vart spurte. Alle svarte heilt eller delvis på undersøkinga. Status for verksemdene er:



70% svarar at verksemda har økonomiske tap grunna pandemien. 18% har permittert tilsette og 22% vurderer permitteringar fram mot 01.05. På spørsmålet om det er fare for at likviditeten til verksemda som ein direkte årsak av korona-situasjonen, svarar 36% ja. På spørsmål om verksemda har høve til å søkje ekstraordinære støtte frå fond, stiftingar, private eller liknande, svarar 30% ja, 18% nei og 53% veit ikkje. Berre 8% svarar ja på spørsmålet om dei veit om verksemda får høve til å søkje på allereie iverksette offentlege tiltakspakkar. 36% svarar nei og 55% veit ikkje.

Resultata av undersøkinga må også sjåast og forståast ut frå det tidspunktet då undersøkinga vart gjort. Det var innført forbod mot kulturarrangement, idrettsarrangement og organisert idrettsaktivitet både innandørs og utandørs. Generelt forbod som gjeld alle forsamlingar gjaldt først til og med 26.03.20, seinare forlenga til 13.04.20 og 15.05.20. Det rådde stor usikkerheit om den økonomiske framtida for verksemdene, og dei statlege tiltakspakkane var i støypeskeia. Undersøkinga avdekkar stor usikkerheit i høve aktørane sin økonomi og aktivitet i heile 2020. Mange av dei som svarte på undersøkinga ga uttrykk for at dei ønskjer ein lengre tidshorisont i tiltaka som vert sett i verk.

Fylkesrådmannen viser elles til vedlegg 5 for heile rapporten.

3.4 Oppretthalde eksisterande ordningar

Slik fylkesrådmannen vurderer svara, stadfestar undersøkinga at driftsøkonomien er i ferd med å bli kritisk for mange. I oppfølgjande møter med ulike aktørar melder mange om akutte likviditetsutfordringar og om vanskar med å handtere langsiktige og faste kostnader. Dette talar for at fylkeskommune bør ta sikte på å hjelpe aktørane med økonomien, og vere ein stabil og føreseieleg partner, jf. handsaminga i fylkesutvalet PS 43/2020.

Slik fylkesrådmannen ser behova bør fylkeskommunen først og fremst oppretthalde og vurdere å styrkje driftsøkonomien hos dei regionale aktørane (driftsstøtte) og deretter stimulere aktiviteten hos dei same (prosjektstøtte). Fylkesrådmannen meiner at den mest effektive strategien vil vere å arbeide innanfor eksisterande tilskotsregime og at fylkeskommunen bør lyse ut og tildele midlar til feltet på vanlig måte. Via etablerte ordningar kan ein raskt kan få ekstra midlar i omløp, samtidig som det sikrar langsiktige og føreseielege vilkår for aktørane. Offentlege tilskot er ein del av sektoren sin infrastruktur som kanskje er viktigare no enn nokon gong. Retningsliner for tildeling av prosjektstøtte er opne og fylkesrådmannen vil i kvar tildelingsrunde prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, styrker og prøver ut nye formidlingsformar for publikum, samt søknader som søker å styrke innteninga til søkjaren. Ved å nytte handlingsrommet i vurderingane av tilskotsordningane vil fylkeskommunen kunne bruke det etablerte tilskotsregimet som verktøy.

Her legg fylkesrådmannen til grunn prinsippet om at staten bør ta den økonomiske hovudbøra, men at fylkeskommunen gjennom eigne tiltak kan løyse særlege utfordringar som ikkje vert dekkja

av andre aktørar. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør slik komplementere statlege, kommunale og private tiltak, men ikkje erstatte desse.

Fylkesrådmannen forventar at tilskotsmottakarane vidarefører aktiviteten i samsvar med organisasjonen sitt føremål, og innanfor dei rammene som helsestyresmaktene set. Det same gjeld tilskotsmottakarane sitt publikumstilbod. Fylkesrådmannen legg til grunn at alle tilskotsmottakarar i Vestland fylkeskommune følgjer opp statlege pålegg og nyttar seg av moglegheiter for inntektskompensasjon som vert tilbydd frå stat og kommune og ev. private aktørar.

3.5 Vidare arbeid i fylkeskommunen

Framover vil fylkesrådmannen følgje og analysere utviklinga: kva endringar ser ein, kva nye behov oppstår, kva avbøtande tiltak er aktuelle? Etter tinging frå hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 03.04.2020 har fylkesrådmannen sett i gong ei undersøking i kommunane i Vestland for å *«få ei oversikt over den vanskelege situasjonen innan kultur- og idrettslivet i kommunane»*. Fylkesrådmannen vil om nødvendig kome attende med vidare tiltak.

Det er naturleg at fylkeskommunen følgjer opp endringar i behova gjennom løypande tilrettelegging og tilpassing av eigne verkemidlar og tilskot. Ein gjer i tillegg allereie no framlegg om å etablere to nye ordningar: Ei ordning for ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga, og ei ordning for å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur, idrett og friluftsliv. Fylkesrådmannen ser etableringa av desse ordningane i samanheng med disponering av overskota for dei to tidlegare fylkeskommunane frå 2019. Om slike ordningar vert oppretta, ønskjer fylkesrådmannen i tråd med anna tilskotsforvaltning at det skal arbeidast ut retningslinjer for ordningane, ordningane skal lysast ut og vere opne for søknad frå alle regionale aktørar. Forvaltninga av ordningane vert delegert til hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Handlingsrommet til fylkeskommunen må også vere del av den vidare budsjettprosessen. Det er viktig at fylkeskommunen har opne ordningar der alle regionale aktørar får høve til å melde behov og få vurdert sin situasjon. Fylkeskommunen bør ikkje på noverande tidspunkt handsame einskildsøknader som kom inn raskt etter nedstenginga då ein då ikkje hadde oversikt over kva statlege tiltak som var sett i verk for å avhjelpe situasjonen eller det samla behovet til dei regionale aktørane innanfor kultur, idrett og inkludering. På slutten av året vil ein i større grad ha oversikt og kan vurdere økonomi og behov for ev. ekstra tiltak i budsjettet for 2021. Ein er budd på at dette arbeidet vil gå inn i budsjettåra 2021 og 2022 og kanskje vidare. Fylkesrådmannen ønskjer å halde seg til rekneskapstal og rapportar frå tilskotsmottakarane. Dette gir moglegheit til å vurdere den reelle økonomiske situasjonen for kvar av institusjonane.

For enkelte institusjonar og aktørar kan det vere særlege utfordrande situasjonar som må handterast. Dette vil i så fall skje i nær dialog med aktøren, eigarar og andre partar som vertskommune eller stat. Kulturaktøren må i så fall ta kontakt med fylkeskommunen for å få avklart situasjonen. Slike saker bør avklarast politisk.

Fylkeskommunen må også vurdere kva som er viktige regionale verksemder for å behalde eit komplett kulturliv etter krisa. Det kan da hende at ikkje alle verksemder og arrangørar vil overleve, men fylkeskommunen må gå inn der ein ser at det vil vere uoppretteleg skade om denne verksemda ikkje eksisterer vidare i Vestland.

Vestland fylkeskommune ønskjer å stimulere og hjelpe verksemder i oppstarten til ny aktivitet. Dette kan gjerast t.d. ved at fylkeskommunen bidreg til rettleiarar i samband med oppstart. Det kan også gjelde anna kompetanse eller nettverksarbeid. Fylkeskommunen vurderer å ta initiativ til eit nettverk blant sentrale aktørar for kunnskap og kompetanse om tiltak i høve korona, dette vere seg smittespreiing, informasjonsarbeid, aktivitetsutvikling, formidlingsarbeid m.m. Fylkeskommunen kan også ta initiativ til å be om å få utarbeidd nasjonale rettleiarar.

4 Vedtakskompetanse:

Fylkestinget.

5 Vurderingar og verknader:

Økonomi: ev. kompenserande tiltak må avgjerast i budsjettsamanheng.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

6 Konklusjon

Pr mai 2020 er det sett i gang ei gradvis normalisering og opning av aktivitetar i samfunnslivet, men det vil likevel vere grader av eit forsamlingsforbod sannsynlegvis ut året, om ikkje lengre. Ein må også vere budd på innskjerpingar av tiltak om det kjem større smitteutbrot igjen. Vestland fylkeskommune må vurdere situasjonen fortløpande og sette inn tiltak som er fleksible og opne nok til at ein kan løyse dei til ei kvar tid aktuelle utfordringane, og vere i stand til å endre prioriteringar og tiltak raskt. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen opprettheld og styrkjer ordinære ordningar for drifts- og prosjektstøtte og vurderer økonomisk støtte til dei regionale aktørane; for ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar, og for å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur, idrett og friluftsliv.

Fylkesrådmannen vil kome attende i fylkestinget til hausten med vidare vurderingar og tiltak i høve pandemien og konsekvensane for kultur-, idretts- og inkluderingsfeltet.